



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Komite for oppvekst og helse	03.03.2015	013/15

Saksbehandler	Arkiv	Arkivsaknr
Gudrid Frøland	K2 - A10, K3 - &13	14/2128 - 3

FORSKRIFT OM FORELDREBETALING I BARNEHAGER - HØYRING

Vedlegg:

FORSKRIFT OM FORELDREBETALING I BARNEHAGAR - HØYRING
BREV FRÅ GISKE KOMMUNE - FORSKRIFT OM FORELDREBETALING I
BARNEHAGAR

Saksutgreiing:

Kunnskapsdepartementet har sendt ut forslag til endring av forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Høyringsfrist var 23.02.2015. Høyrings svar frå Giske kommune er vedlagt.

Regjeringa vil innføre ein sosial profil i foreldrebetalinga for opphald i barnehage. Endringa vil medføre auka administrativ ressursbruk, og reduserte inntekter frå foreldrebetalinga i barnehagane.

For å lese høyringsnotatet, klikk på linken i vedlagte dokument frå Kunnskapsdepartementet.

Heimelsgrunnlaget

Merknader til forskrift om foreldrebetaling § 3.

Økonomiske konsekvensar:

Regjeringa har foreslått å løyve midlar til å innføre eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt.

Vurdering:

Saka blir lagt fram for komiteen.

Innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

03.03.2015 Komité for oppvekst og helse

Forslag frå Gunnar Morsund (uavhengig):

"Giske kommune støttar seg til prinsippet om differensiert betaling for barnehage. Utan omsyn til ordning må føresetnaden vere at det ikkje medfører korkje direkte (?) eller administrative kostnader for kommunen."

KOH- 013/15 Vedtak:

Gunnar Morsund sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Utskrift til:

Kunnskapsdepartementet

Dato: 13.03.2015



GISKE KOMMUNE

Staben

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref.: 14/2128 - 2

Dato: 23.02.2015

FORSKRIFT OM FORELDREBETALING I BARNEHAGAR - HØYRING

Vi viser til høyringsnotat frå Kunnskapdepartementet om forslag om endring av forskrift om foreldrebetaling i barnehagar av 02.12.2014. Administrasjonen i Giske kommune har ikkje vurdert kva sosial profil foreslått endring i forskrift vil gje.


Vi vurderer det slik at dei endringane som er foreslått i høyringa, vil medføre ein del administrativt arbeid for kommunen og barnehagane/barnehageeigarane, jf punkt 6 i høyringa. Det blir lagt opp til ein enkel søknadsprosess, men av erfaring veit vi at slike saker krev at ein må setje seg inn i detaljar, som lett gjer ordninga byråkratisk. Det vil bli naudsynt med eit utvida samarbeid om dette med dei ikkje-kommunale barnehagane. Kommunen skal også betale refusjon som dei ikkje-kommunale barnehage har med ordninga.

Administrasjonen i Giske kommune trur ikkje ei slik endring vil gi noko enkel administrativ behandling. Vi trur det er mest hensiktsmessig at andre metodar, kan fange opp familiane som har behov for økonomisk bistand med foreldrebetalinga. Ei slik ordning med først søknad frå føresette, deretter kommunalt vedtak, orientering til barnehagane, justeringa av betalingssum, og refusjon til barnehagane, blir å involvere for mange ledd for å gje foreldrebetalinga i barnehagane ein sosial profil.

Vi meiner at heile inntekta til hushaldet må med i grunnlaget for utrekning dersom det skal innførast gradert foreldrebetaling.

Saka vil bli lagt fram til politisk behandling, og vedtaket blir ettersendt.

Med helsing


Sindre Røsvik
assisterande rådmann


Gudrid Frøland

konsulent - servicekontor

tlf.: 70 18 80 64

e-post: guf@giske.kommune.no